

Oversikt over regionale miljøtilskot i Vestland 2026

Kulturlandskap

Tiltak	Forklaring
Drift av bratt areal	Slått og hausting av bratt, dyrka grasareal, og drift av bratt hagebruksareal med næringsføremål.
Drift av beitelag	Driftstilskot til beitelag (utmark).
Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark	Skjøtselsbeiting med geit på innmarksbeite.
Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark	Sau på utmarksbeite frå og med 600 meter over havet i Vestland.
Slått av verdifulle jordbrukslandskap	Slått av veglaus dyrka mark.

Biologisk mangfald

Tiltak	Forklaring
Slått av slåttemark	Slått av slåttemark og lauveng registrert i Naturbase.
Beiting av kystlynghei	Vinterbeiting av kystlynghei registrert i Naturbase.
Brenning av kystlynghei	Brenning av areal som vert vinterbeita og som er godkjent for tiltaket Beiting av kystlynghei.
Skjøtsel av truga naturtypar	Beiting av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase.
Skjøtsel av styvingstre	Styving av styvingstre i søknadsåret.
Soner for pollinerande insekt	Tiltaket gjeld berre i Lærdal kommune. Beiting og slått av pollinatorvenlege soner på og ved jordbruksareal.
Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl	Markering av reir og sein slått ved reir for vipe, åkerrikse og storspove på jordbruksareal.

Kulturminne og kulturmiljø

Tiltak	Forklaring
Drift av seter	Drift av støl med mjølkeproduksjon med levering til meieri eller eigen foredling
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	Beiting og slått ved automatisk freda kulturminne på eller inntil jordbruksareal.

Avrenning til vatn og utslepp til luft

Tiltak	Forklaring
Kantsone i eng	Gjødsel- og sprøytemiddelfri sone i eng ved utvalde vassdrag.
Spreiing av all husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen	Spreiing av all husdyrgjødsel føretaket skal spreie innan 10. august. Gjeld berre nær elvemuslingsvassdrag.
Nedlegging av husdyrgjødsel	Nedlegging av husdyrgjødsel innan 10. august på det arealet ein søker tilskotet for. Dersom ein brukar tilførselsslange, må ein søke om TO tilskot for å få fullt tilskot.
Nedfelling av husdyrgjødsel	Nedfelling av husdyrgjødsel innan 10. august på det arealet ein søker tilskotet for. Dersom ein brukar tilførselsslange, må ein søke om TO tilskot for å få fullt tilskot.
Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange	Tiltaket gjeld berre i kombinasjon med nedlegging eller nedfelling.

Plantevern, jord og jordhelse

Tiltak	Forklaring
Nedkjemping av ugras i radkulturar	Flamming eller mekanisk bekjemping av ugras i potet- og grønsaksproduksjon.
Fangvekstar sådd etter hausting	Såing av fangvekst etter tidleg hausting innan potet- og grønsaksproduksjon.